



Radøy kommune

Dato: 07.10.2014

Vår ref.: 2014/19850-9

Saksbehandlar: annvabo

Dykkar ref.: 14/276 - 14/6477

## **Fråsegn til melding om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram, Kommuneplan for Radøy**

Vi viser til brev datert 13. juni 2014 om planprogram for delrevisjon av kommuneplan og melding av oppstart av planarbeidet.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

#### Strandsone, landskap og friluftsliv og folkehelse

Det er positivt at kommunen vil sjå heilskapleg på strandsona i arbeidet og vurdere nye tiltak i sjø, behov for småbåthamner og naustområde. Når det gjeld plantemaet funksjonell strandsone, må ein i planarbeidet ta særleg omsyn til ålmenn tilgjenge og regionale føringar for landskap, friluftsliv og biologisk mangfald.

#### Barn og unges interesser

Det er positivt at planprogrammet fokuserer på barn og unges interesser og at ein legg opp til å kartlegge behov saman med skular og barnehagar i planarbeidet.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I rulleringa av kommuneplanen som er sett i gang er bl.a. kulturminne lagt vekt på som eit av fokusområda. Hordaland fylkeskommune har etablerte prosjektet KIK - Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016. Saman med Riksantikvaren har Hordaland fylkeskommune midlar som kommunane kan søkje om som delfinansiering for kulturminneregistrering og utarbeiding av ein kommunedelplan for kulturminne. Ein slik plan er eit viktig reiskap for kommunen i forvaltning av kulturarven. Radøy kommune har starta opp arbeidet med ein kulturminneplan og kommunen fekk 100 000,- i 2013 frå Riksantikvaren og 100 000,- frå Hordaland fylkeskommune 2014 til dette arbeidet. Det er positivt at kommunen prioritere arbeidet med ein kulturminneplan. Vi viser òg til Regional kulturplan, som omfattar heile kulturfeltet. Sjå nettsida <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/kulturplan/>

Vidare skal Radøy kommune revidere plankrav til nye byggeområde, område med eksisterande bustader i LNF og frådelte eigedomar med eksisterande bygg. Revisjonen opnar ikkje opp for å leggje inn nye byggjeområde i kommuneplanen. Vi vil minne om at Hordaland fylkeskommune ikkje har gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i endra arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak,

dette gjeld både land- og sjøareal. Det er her viktig at kommunen gjer ei vurdering av dei enkelte områda når det gjeld potensial for funn av automatisk freda kulturminne og at ein lagar føresegner og retningslinjer som sikrar både kjende og hittil ikkje registrerte kulturminne i planen.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med freda kulturminne eller andre kulturminne av nasjonal og regional interesse.

#### Akvakultur

Det er viktig å ta omsyn til at mange akva-lokalitetar har behov for større areal grunna lengre fortøying, og behov for omplassering i høve til resipient. Revisjon av akva-tema må alltid gjerast i prosess med næringa sine organisasjonar og lokale utøvarar.

#### Generelle planfaglege innspel

Klima- og naturressursseksjonen gjer merksam på dei føringane som ligg i den nye klimaplanen for Hordaland som vart vedteken på fylkestinget i juni 2014. Når det gjeld areal og transport og klimatilpassing er det fastsett egne retningslinjer for kommunane

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet vektlegg følgjande tema: Strandsone, Landskap, Friluftsliv og folkehelse, , Barn og unges interesser, Kulturminne og kulturmiljø, Klima og energi og Akvakultur.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Jan Nordø, Regionalavdelinga, Klima- og naturressursseksjonen

Inge Døskeland, Regionalavdelinga, Næringsseksjonen

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest